


Konsekvensar av samanslåing av Aurland, Voss og Vik

Presentasjon av rapport 25.1.2016, Voss


Bent Aslak Brandtzæg
Telemarksforsking



Utredningsalternativer (Sogn regionråd)

Alt. 1		Alt. 2		Alt. 3		Alt. 4		Alt. 5		Alt. 6	
Høyanger	4169							Høyanger	4169		
Vik	2678	Vik	2678	Vik	2678						
Balestrand	1304	Balestrand	1304	Balestrand	1304			Balestrand	1304		
Leikanger	2276	Leikanger	2276	Leikanger	2276	Leikanger	2276				
Sogndal	7677	Sogndal	7677	Sogndal	7677	Sogndal	7677				
Aurland	1738	Aurland	1738							Aurland	1738
Lærdal	2146	Lærdal	2146	Lærdal	2146					Lærdal	2146
Årdal	5429	Årdal	5429							Årdal	5429
Luster	5118	Luster	5118	Luster	5118	Luster	5118				
Sum	32535		28366		21199		15071		5473		9313

Om kommunane i samanslåingsalternativet



Kommune	Folketal 2015	Areal km2
1421 Aurland	1738	1468
1417 Vik	2678	833
1235 Voss	14347	1806
Sum	18763	4107

Måla med kommunerereforma

Regjeringa framhevar følgjande overordna mål med kommunereforma:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Tematisk fokus


- Folketalsutvikling
- Næringsutvikling
- Økonomi
- Tenester
- Interkommunalt samarbeid
- Demokrati
- Samfunnsutvikling
- Fordelar og ulemper – samla vurdering
- Vidare prosess

Metodar

- KOSTRA-analyser og statistiske analyser
- Intervju med rådmann og ordførar
- Spørjegransking til politikarar i kommunestyra, kommunalt tilsette med leiaransvar og hovudtillitsvalde
- Erfaringar frå andre kommunestrukturutgreiingar i andre delar av landet


Utviklinga i folketalet

- Stor folketalsvekst på landsbasis
 - Ujavn vekst, reduksjon i folketalet i dei minste kommune
- Voss har hatt vekst medan Aurland og Vik har hatt fallande folketal frå 2000 og fram til i dag
- Innvandring frå utlandet har vore med på å dempe negative effektar av negativ netto innanlands flytting og negativ fødselsbalanse




Innanlands nettoflytting, fødselsbalanse og netto innvandring


Vik



Innanlands nettoflytting, fødselsbalanse og netto innvandring Aurland




Innanlands nettoflytting, fødselsbalanse og netto innvandring Voss



Framskrivingar av folketalet

- SSBs framskrivingar av folketalet fram mot 2040 viser utviklinga varierer for kommunane
- Framskrivingane syner ein forventa auke for kommunane samla sett på 9 prosent
- Dei relative forskjellane mellom kommunane vil halde fram å auke
- Kommunestrukturen blir stadig mindre i samsvar med dei oppgåver kommunane skal løyse



Næringsutvikling

- Det er naturlegvis den største kommunen Voss som og har klart flest arbeidsplassar
- I 2013 var det totalt 7031 arbeidsplassar i kommunen, og det hadde vore ein auke på 762 arbeidsplassar frå år 2000. Den klart største auken har kome i privat sektor
- Vik og Aurland har hatt ein reduksjon på høvesvis 18 og 89 arbeidsplassar frå 2000-2013
- For Vik skuldast den samla reduksjonen tap av arbeidsplassar i privat sektor
- I Aurland skuldast reduksjonen i fyrste rekkje tap av kommunale og statlege arbeidsplassar, men det har og over noko reduksjon av dei private

	Voss			Vik			Aurland		
	2000	2013	Endring	2000	2013	Endring	2000	2013	Endring
Fylkeskommunal	562	263	-299	2	1	-1	25	37	12
Kommunal	1 257	1 404	147	358	413	55	327	281	-46
Privat	4 133	4 673	540	919	823	-96	534	519	-15
Statleg	317	691	374	40	64	24	60	20	-40
Sum	6269	7031	762	1319	1301	-18	946	857	-89

Næringsstruktur

Næring	SubNæring	Bransje	Voss	Vik	Aurland
Basis	Industri	Anna industri	4,6	6,6	13,9
		Næringsmiddel	2,1	2,9	4,6
		Olje- og gass utvinning	0,0	0,0	0,0
		Prosessindustri	0,4	0,0	0,0
		Verkstadindustri	1,0	19,4	1,0
	Natur	Fisk	0,1	0,4	0,0
		Gruve	0,1	0,0	1,2
		Landbruk	5,9	11,9	8,9
	Tekn tenester	Olje og gass	0,0	0,0	0,0
		Teknisk/vitskap	1,4	2,8	0,8
		Tele og IKT	0,3	3,4	0,0
Besøk	Aktivitet	4,2	1,1	7,5	
	Handel	18,8	11,1	13,1	
	Overnatting	6,6	0,9	14,1	
	Servering	2,6	0,6	2,1	
Lokal	Lokal	6,6	5,0	1,0	
Regional	Agentur og Engros	3,8	1,2	1,0	
	Bygg og anlegg	19,7	12,5	11,4	
	Diverse	7,4	6,4	3,9	
	Finans, eigedom, utleie	2,5	3,3	2,7	
	Forr tenesteyting	3,1	4,6	5,0	
	Transport	6,3	5,8	7,9	
	Utleige av arbeidskraft	2,4	0,1	0,2	
Totalsum			4 673	823	519

Vekstimpulsar frå privat sektor 2008-2013

Næring	SubNæring	Bransje	Voss	Vik	Aurland
Basis	Industri	Anna industri	-0,3	-1,5	1,1
		Næringsmidler	-0,3	0,1	1,7
		Olje- og gassutvinning			
		Prosessindustri	0		
		Verkstedindustri	-0,2	-1,8	0,1
	Natur	Fisk	0	0,1	
		Gruve	0		-0,4
		Landbruk	-1	-2,4	-1,7
	Tekn tjenester	Olje og gass			
		Teknisk/vitenskap	0,1	0,4	-1
Tele og IKT		-0,1	1,2		
Besøk	Aktivitet	0,6	0	0,9	
	Handel	-0,6	-1	-0,8	
	Overnatting	0,3	-0,3	1	
	Servering	0,1	0,1	-0,2	
Lokal	Lokal	0,2	-0,3	-1	
Regional	Agentur og Engros	-0,3	-0,5	-0,4	
	Bygg og anlegg	5,5	1	-0,5	
	Diverse	0,4	2,5	-0,9	
	Finans, eiendom, utleie	-0,4	-0,1	-0,5	
	Forr tjenesteyting	0,2	1,3	0,2	
	Transport	0,4	-1,2	1,9	
	Utleie av arbeidskraft	0	-1,2		
Totalsum		4,5	-4,1	-0,6	

Vekstimpuls er endring i talet på arbeidsplassar som prosentvis del av den samla sysselsetjinga

Næringsutvikling – samla vurdering

- Basisnæringar dei delane av næringslivet som genererer inntekter utanfrå
- Det same gjer til en viss grad besøksnæringane
- Desse næringane er såleis viktige for utviklinga for resten av næringslivet
- Det generelle inntrykket er at kommunane har sårbare basisnæringar (industri og landbruk)
- Det er difor behov for utviklingsarbeid som kan bidra til å sikra og vidareutvikla eksisterande næringar, men òg leggja til rette for entreprenørskap, innovasjon og ny næringsverksemd
- Eit sentralt spørsmål med tanke på kommunesamanslåing er difor om kommunane kvar for seg eller saman står best mogleg rusta når det gjeld framtidige utfordringar knytt til nærings- og samfunnsutvikling

Pendling

- Gjev uttrykk for kva som står fram som naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Eit mål med kommunereforma er at kommunane i større grad skal samsvare med slike regionar
- Det er innanfor slike regionar at det er størst behov for felles innsats når det gjeld planleggings- og utviklingsarbeid
- Dersom man har felles utfordringar og interesser, kan det være hensiktsmessig å stå saman i konkurransen mot andre delar av landet når det gjeld næringsutvikling og tilflytting

Pendling i prosent av den sysselsette befolkninga som bur i kommunane


		Arbeidsstad				Sysselsette
		Voss	Vik	Aurland	Utanfor	
Bustad	Voss	82,2	0,1	0,3	17,4	7383
	Vik	1,2	81,5	0,3	17,0	1456
	Aurland	3,6	0,3	77,6	18,4	906
	Utanfor	13,0	8,2	14,9		
Arbeidsplassar		7031	1301	857		

Bu- og arbeidsmarknadsregionar (160 på landsbasis):


- Voss er i «Voss bu- og arbeidsmarknadsregion» saman med Ulvik og Granvin kommunar
- Aurland og Vik dannar eigne bu- og arbeidsmarknadsregionar, og har i dag samla sett større pendling til andre kommunar i Sogn enn mot Voss

Reiseavstandar mellom dagens kommunesenter i minuttar

I dag



Etter Vikafjellstunnellen



Økonomi. Status

- Generelt har dei aktuelle kommunane eit inntektsnivå over landsgjennomsnittet.
- Aurland og Vik peikar seg ut med svært høge korrigererte frie inntekter i forhold til landsgjennomsnittet
- Voss, Vik og Aurland hadde eit netto driftsresultat på høvesvis 5,1 prosent, 4,6 prosent og 7,1 prosent i 2014. Det vil seie godt over det tilrådde nivået på 1,75 prosent
- Voss har ikkje akkumulert premieavvik på pensjon, men Aurland og Vik har eit akkumulert premieavvik som ligg noko over landsgjennomsnittet på 6,4 prosent av brutto driftsinntekter
- Ingen av dei aktuelle kommunane har spesielt urovekkjande finansielle nøkkeltal, og basert på ei overordna analyse har kommunane god økonomi, sett i forhold til mange andre av landets kommunar

	Korr. frie innt. ekskl. e-skatt + konesjonskraftinnt.	Korr. frie innt. inkl. e-skatt + konesjonskraftinnt.
Voss	98	102
Vik	101	126
Aurland	111	185
Hordaland	100	101
Sogn og Fjordane	101	108
Heile landet	100	100

Økonomiske effekter av ei samanslåing

Effekter på:


- Overføringane frå inntektssystemet
- Reformverkemidlar (inndelingstilskot, eingongsstøtte og reformstøtte)
- Muligheiter for å ta ut effektiviseringsgevinstar
- Konesjonskraftinntekter

Betraktningar av effekter av nytt inntektssystem

Endring i ulike tilskotselement 2015-kr

Tilskotselement	Endring i 1000 kr
Sone	6 218
Nabo	-11
Nto. verkn. statl/priv. skular	-107
Opphopingsindeks	11
Urbanitetskriterium	1 511
Basistillegg	-25 673
Nto. inntektsutjamning	0
Småkommunetilskot	-5 475
Distriktstilskot Sør-Noreg	10 923
Inndelingstilskot	20 923
Sum:	7 624

Rammetilskot med og utan samanslåing



	År 1-15	Etter år 20	År 1-15	Etter år 20
	Mill. kr	Mill. kr	I prosent	I prosent
Voss, Vik og Aurland	7,6	-12,6	0,5 %	-0,8 %

Mulige effekter av høringsforslag til nytt inntektssystem

Høringsnotatet har fokus på følgende:

- Forslag til endringar i kostnadsnøkkelen
- Omtale av innretning på dei regionalpolitiske tilskota
- Drøfting av tilhøvet mellom skatteinntektene til kommunane og inntektssystemet, utan at det i notatet foreslåast konkrete endringar.
 - Regjeringa har derimot tidlegare varsla at det frå 2017 skal innførast ei form for selskapsskatt for kommunane
- Departementet foreslår å innføra ein modell der ein skil mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon og administrasjon, gjennom eit strukturkriterium som seier noko om reiseavstandar (gjennomsnittleg reiseavstand for å nå 5000 innb.)
- Konkret vert det føreslått å innføra eit gradert basistillegg på bakgrunn av utslag på strukturkriteriet

Dokumentasjon samla omfordeling pga. av strukturkriteriet. 1000 kr.
(verdien av et fullt basistilskudd er satt til 14,229 mill kr).

Kommune	Innb. per 1.1.15	Reiseavstand (km)	Effekt mot basis			Tilbakeføring			Samlet omfordeling		
			13,3 km	16,5 km	25,4 km	13,3 km	16,5 km	25,4 km	13,3 km	16,5 km	25,4 km
Voss	14 347	6,4	-7 426	-8 745	-10 667	4 774	5 683	7 713	-2 652	-3 062	-2 954
Vik	2 678	30,2	0	0	0	891	1 061	1 440	891	1 061	1 440
Aurland	1 738	34,1	0	0	0	578	688	934	578	688	934

	Samla utslag ny kostnadsnøkkel (utenom strukturkriteriet)
Voss	-841
Vik	491
Aurland	398

Regionalpolitiske tilskudd

- Regjeringa foreslår å slå saman Nord-Noreg-/Namdals-tilskotet, småkommunetilskotet og distriktstilskot Sør-Noreg til to tilskot, eitt for kommunar i Nord-Noreg og eitt for kommunar i Sør-Noreg
- Småkommunetilskotet blir vidareført innanfor dei to nye tilskota, som eit eige småkommunetillegg, men satsane på tillegget vert differensiert etter grada av distriktsutfordringar (målt ved distriktsindeksen). I tillegg blir det føreslått ein høgare del av tilskota blir fordelt per innbyggjar
- I høyringsnotatet er det ingen forslag til satsar for dei nye tilskota
- Det er difor ikkje mogleg å laga verknadstabellar ned på kommunenivå
- Omleggingane som blir skissert ser ut til å ha størst tyding for kommunane med under 3 200 innbyggjarar

	Innbyggertall 1.1.15	Distriktsindeks 2014	Distriktstilskudd Sør-No	Småkommune- tilskudd
Voss	14 347	45	2 602	
Vik	2 678	21		5 475
Aurland*	1 738	22		

Samla vurdering


- Vik og Aurland synest å skjermast for reduksjon i basistillegget, pga. lange reiseavtandar og dermed ufrivillige smådriftsulemper. Voss får berekna relativt kort reiseavstand og vil dermed måtta påregne avkorting i basistilskottet
- Illustrasjonsberegningene viser eit samla utslag av ny kostnadsnøkkel og innføring av eit strukturkriterium for Voss, Vik og Aurland på hhv. -3,9 mill. kr, 1,6 mill. kr og 1,1 mill. kr.
- Voss mottek Distriktstilskott Sør-Noreg i 2016, medan Vik får småkommunetilskudd. Aurland får ikkje småkommunetilskudd pga. for høgt skatteinntektsnivå (dvs. over 120 pst av landsgjennomsnittet siste 3 år). I og med at det ikkje er fremja forslag til nye tilskottssatsar har det ikkje vore mogleg å laga verknadstabellar ned på kommunenivå av endring knytt til regionalpolitiske tilskott
- Vik synest å få noko reduksjon i småkommunetilskuddet, ved at ein større del av tilskottet er foreslått gjeve med ein sats per innbyggjar. Samstundes har kommunen låg verdi på distriktsindeksen, og er dermed vurdert å ha relativt stor grad av distriktpolitiske utfordringar, noko som vil verka i motsett retning
- Det er elles verd å nemna at det som følgje av dei foreslegne endringane òg oppstår andre omfordelingseffekter, og dessutan at inntektsgarantiordninga (INGAR) og eventuelle andre tapskompensasjonsordningar òg vil dempa eventuelle negative utslag for den enkelte kommune

Oversikt over støtte til engangskostnader og reformstøtte ved kommunesammenslåinger

- **Eigongskostnader** er eit gitt beløp for å dekke kostnader ved ei kommunesamanslåing
- Døme på eingongskostnader:
 - løn og drift av felles folkevald nemnd, lønn til prosjektleiar (eventuelt prosjektmedlemmar/hovudtillitsvald), involvering av innbyggjarane, tiltak for felles kultur, harmonisering av IKT, tilrettelegging av servicekontor m.m.
- **Reformstøtte** er et eingongsbeløp som den nye kommunen får til fri utnytting på tidspunktet kommunane slår seg saman

Alternativ	Innbyggartal 2015	Eingongs-kostnader (1000 kr)	Reformstøtte (1000 kr)	Sum (1000 kr)	I prosent av brutto driftsinntekter
Voss, Vik og Aurland	18 763	30 000	20 000	50 000	3,0 %

Sammenhengen mellom administrasjonsutgifter og innbyggertall 2014



Vår definisjon av "administrasjonsutgifter" i denne analysen er netto driftsutgifter på følgende Kostra-funksjoner:

- 100 - Politisk styring
- 110 - Kontroll og revisjon
- 120 - Administrasjon
- 121 - Forvaltningsutgifter i eideomsforvaltninga
- 130 - Administrasjonslokale

Administrasjonsutgifter 2014 og mulig innsparingspotensial

	Innbyggjarar (1.1.2015)	Netto driftsutgifter kr pr innb.	Netto driftsutgifter 1000 kr
Voss	14 347	4 600	65 996
Vik	2 678	7 879	21 100
Aurland	1 738	15 094	26 233
Sum	18 763	6 040	113 330
Landsgjennomsnittet	12 070	3 885	-
Stord	18 685	3 135	-
Os (Hord.)	19 097	3 033	-
Gevinst/Innsparing ved nivå tilsvarende			
Voss			27 020
Landsgjennomsnittet			40 435
Stord			54 508
Os (Hord.)			56 421

	I mill. kr	I prosent av brutto driftsinntekter
Voss, Vik og Aurland	55	3,3 %

Innsparingspotensial på tenesteområda

- Det kan òg væra effektiviseringsgevinstar å hente på tenestene, men det vil ikkje vera naudsynt å effektivisere desse for å tilpasse seg eit langsiktig utgiftsnivå som følgje ei samanslåing
- Dei største gevinstane knytt tenestene er moglegheit for:
 - Større, sterkare og mindre sårbare fagmiljø
 - Betre tenester
 - Betre evne til å handtere auka krav til tenestene og nye oppgåver
 - Meir fleksibel utnytting av dei ressursar som kommunane samla sett har
- Samlokalisering av små spesialiserte tenester kan samstundes som ein får større fagmiljø og gje grunnlag for meir effektiv drift

Konsesjonskraftmengde, allment forbruk og overskytende konsesjonskraft i kommunene. Tall fra 2015 i GWh

- Kraftverkseigar skal avstå inntil 10 prosent av kraftgrunnet som konsesjonskraft til kommunane og fylkeskommunen der kraftanlegget ligg
- Kommunane sin rett til konsesjonskraft er avgrensa til behovet til kommunane for allmenn elektrisitetsforsyning
- I kommunar med lågt folketal – men med store utbyggingar – inneber dette at fylkeskommunen får overført den overskytande mengda
- Ei kommunesamanslåing mellom små kraftkommunar og kommunar med eit større innbyggjartal, inneber eit større behov for allmenn el-forsyning
- Ein større del av konsesjonskrafta vil dermed gå til den nye kommunen, medan fylket sitt mengd vert tilsvarande redusert

Kommune	Konsesjonskraftmengde	Alm. Forbruk	Overskytande konsesjonskraft
Voss	71	220	0
Vik	106	45	61
Aurland	226	64	162
Samla	403	329	74

Konsesjonskraft. Effekt av samanslåing

Inntekter i ny kommune og endring frå inntektene i dei same kommunane i dag (1000 kr). Nettopris 10, 15 og 20 øre/kWh

	15 øre	10 øre	20 øre
Inntekter uendra	27 000	18 000	36 000
Inntekter samanslått	49 350	32 900	65 800
Endring ved en samanslåing	22 350	14 900	29 800

Oppsummering av de viktigste effektberegningene ved en sammenslåing

Alternativ	Voss, Vik og Aurland	
	I mill. kr	I prosent av brutto driftsinntekter
Økonomiske verkemiddel (eingongsstøtte)	50,0	3,0 %
Effekt frie inntekter år 1-15 (årleg)	7,6	0,5 %
Effekt frie inntekter etter år 20 (årleg)	-12,6	-0,8 %
Effektiviseringsgevinst administrasjon (årleg)	54,5	3,3 %
Effekt konsesjonskraftinnt.	22,4	1,3 %
Sum år 1 (ekskl. tenesteområda)	134,5	8,1 %
Sum år 2-15 (ekskl. tenesteområda)	84,5	5,1 %
Sum etter år 20 (ekskl. tenesteområda)	64,3	3,8 %

Status og utfordringer på tjenesteområdene

Generelle vurderingar av tenestene

- Kvaliteten på tenestetilbodet på mange område i kommunane blir oppfatta som bra
- Aurland og Vik skil seg ut ved å vera noko meir positiv i vurderingane enn Voss
- Vik, og spesielt Aurland, har inntekter godt over landsgjennomsnittet, noko som gjer at ein på ein del område kan yte tenester godt over lovfesta nivå
- Alle dei tre kommunane meiner dei har utfordringar med små og sårbare fagmiljø. Det er i Vik at respondentane i størst grad gjev uttrykk for dette
- Det er delte meiningar i alle kommunane om ein opplever utfordring med rekruttering, og på kva for område utfordringa er
- Generelt ser det ut til at kommunane rekrutterer godt på basiskompetanse, men har utfordringar med å rekruttera spesialkompetanse på enkelte område

Tenesteområder med spesielle utfordringar

Voss

- Helse og omsorg (heimstenseter og sjukeheimsplassar, butilbod til folk med nedsett funksjonsevne, psykiske helse, rusomsorg, barnevern, integrering av flyktningar, fysio- og ergoterapitenesta)
- Oppvekst (skule og barnehage)
- Samferdsel/kommunale vegar og tekniske tenester, bygg og vedlikehald

Vik

- Helse og omsorg (små og sårbare fagmiljø, legevakt, barnevern, bustader til vanskelegstilte, psykisk helse)
- Oppvekst (skule)
- Tekniske tenester, vedlikehald og næringsutvikling

Aurland

- Helse og omsorg (ressurskrevjande brukarar, lege/legevakt, barnevern, sosiale tenester, spesialkompetanse på ulike område)
- Kultur
- Rekruttering framover – generasjonsskifte

Pleie og omsorg: Anslått framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggjarar 20-66 år

	2013	2020	2040
Voss	52,7	52,0	65,7
Vik	91,6	96,1	138,6
Aurland	78,2	81,4	127,8
Sum alle	60,7	60,4	78,4

Status og utfordringer på tjenesteområdene

Vurdering av effektar som følgje av ei kommunesamanslåing

- Eit fleirtal av respondentane meiner at ei kommunesamanslåing vil gje positive effektar med tanke på å sikre større og betre fagmiljø, rekruttera arbeidskraft og verta mindre sårbar når det gjeld skifte av personell, sjukdom og ferieavvikling
- Respondentane er meir delte i synet på kva effekt samanslåing vil ha på høvet til å sikre og forbetra kvaliteten på dei kommunale tenestene, og å henta ut økonomisk gevinst som følgje av meir effektiv drift
- Fleirtalet av respondentane meiner samanslåing vil ha negativ effekt på tilgjenge til dei kommunale tenestene
- Aurland og Vik ser gjennomgåande meir negative effektar enn Voss

Interkommunalt samarbeid

- En viktig motivasjon for interkommunalt samarbeid er større fagmiljøer, bedre tjenester og mer effektiv drift
- Dei tre kommunane er til saman involvert i 58 ulike samarbeid, men talet på samarbeid for kvar kommune varierer frå 25 i Vik til 32 i Voss.
- Dagens samarbeidsmønster speglar at kommunar i dag høyrer til ulike fylke og ulike bu- og arbeidsmarknadsregionar, og at kommunane til dels har samarbeid i ulike retningar
- Dei tre kommunane har likevel felles samarbeid på nokre område. Dette gjeld i fyrste rekkje forvaltning av verdensarvområde, næringsutvikling og brann. Aurland har samarbeid med Voss om logopedi.

Synspunkt på det interkommunale samarbeidet

- Spørjeundersøkinga i kommunane viser at respondentane har noko ulikt syn på om auka interkommunalt samarbeid er å føretrekka framfor ei kommunesamanslåing.
- Samstundes er det òg samla sett eit fleirtal som meiner at det går ei grense for kor omfattande det interkommunale samarbeidet kan vera før ei kommunesamanslåing blir meir føremålstenleg.
- Tilbakemeldingane tyder på at det interkommunale samarbeidet ikkje er heilt uproblematisk i høve til demokratisk styring, koordinering, oppfølging og kontroll
- Respondentane er omtrent nøytrale til om mesteparten av dei nye oppgåvene som regjeringa foreslår å overføra til kommunane, må løysast gjennom interkommunalt samarbeid
- Det førebels ikkje ei oppfatning at det interkommunale samarbeidet er så omfattande at samarbeidsulempene førebels begynner å verte større enn fordelane

Demokrati

- Ei samanslåing vil bidra til lågare politisk representasjon per innbyggjar, men ein vil kunna få breiare partipolitisk representasjon
- Ei samanslåing vil medføra at det samla sett vert færre kommunepolitikarar, men samstundes kan ei samanslåing gje auka handlingsrom, betre høve for frikjøp og gjera det meir interessant å engasjera seg i politisk arbeid
- Forsking tilseier at det kan vera vanskeleg å seia noko eksakt om effektar på valdeltakinga som følgje av ei kommunesamanslåing
- Spørjegranskinga syner at:
 - Det ikkje er nokon stor tru på at ei samanslåing vil bidra til økt for interesse for politisk arbeid, og at vilkåra for politisk arbeid skal betra
 - Det er likevel samla sett eit fleirtal som meiner at ei samanslåing vil gje auka innverknad på regionale og nasjonale sakar. Spesielt meiner respondentane i Voss, men òg Vik, at samanslåing vil gje ein positiv effekt
- Lågare politisk representasjon kan utløysa behov for å etablera ulike former for kommunedelutval/lokalutval og arenaer for innbyggjarmedverknad for å stimulera til brei deltaking og engasjement


Samfunnsutvikling

- Ei viktig målsetting med ei kommunesamanslåing er å få ein meir handlekraftig kommune som kan spele ei større rolle som både lokal og regional samfunnsutviklar
- Kommunestrukturen har innverknad på kva slags fagmiljø den enkelte kommunen kan tilby og dermed òg for korleis ein evnar å driva utviklingsarbeid og rekruttera naudsynt arbeidskraft
- Voss har hatt ein viss vekst, medan Vik og Aurland har hatt ein viss reduksjon
- Voss har betre kapasitet enn Aurland og Vik, men det økonomiske handlingsrommet er begrensa i høve til arbeid med utviklingstiltak
- Aurland og Vik har betre kommuneøkonomi, men storleiken på kommunane set likevel grenser for kor stor kapasitet ein har i høve til å bygge opp på dette området
- Ei samanslåing kan løyse ut både økonomiske ressursar og auka kompetanse og kapasitet til å drive utviklingsarbeid
- Realisering av samferdselsprosjekt kan binde kommunane tettare saman og gjere det lettare å realisere fellesinteresse og potensielle gevinstar
- Fleire trekkjer fram at kommunane har felles utfordringar og utviklingsmoglegheiter knytt til industri, reiseliv, samferdsel og næringsutvikling generelt
- Vurderingane frå kommunane samla sett tyder på at ei kommunesamanslåing kan ha nøytrale eller positive effektar med tanke på å sikra betre tilhøve for heilskapleg og langsiktig planlegging, og styrkje arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling
- Det er skepsis til om ei kommunesamanslåing bidreg til å:
 - Auke det økonomiske handlingsrommet for politiske prioriteringar
 - Sikre og utvikle livskraftige lokalsamfunn

Reiseliv - fellesinteresser



Vurderinger av en sammenslåing



1 er svært negative effektar og 6 er svært positive effektar

Samla vurdering

- Det samla inntrykket er at kommunane har mykje felles, og at dette er eit alternativ som det er aktuelt å gå vidare med
- Ei samanslåing kan gje ein ressurssterk kommune med nye og spanande utvikingsmulegheiter både knytt til samfunnsutvikling og tenesteproduksjon
- Korleis ein vel å handtere de mulegheiter og utfordringar ei kommunesamanslåing kan gi, vil væra avhengig av politiske prioriteringar
- Gjennom ei intensjonsavtale er det såleis viktig for å tydeleggjera frå politisk hald kvifor ein ynskjer samanslåing og kva ein kva ein konkret ynskjer å oppnå

Takk for oppmerksomheten!

